



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

NorStone AS
c/o Bård Dagestad,
Stokkanhaugen 6
7048 TRONDHEIM

Dato: 27.08.2018
Vår ref: 17/03015-13
Deres ref:

Nytt varsel om vedtak om tildeling av driftskonsesjon for Øvre Valheim aust i Hjelmeland kommune. Tiltakshaver: Norstone AS.

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST mail@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknad om driftskonsesjon etter mineralloven § 43, datert 13. september 2017. Søknaden har vært på høring i henhold til forvaltningsloven § 17.

DMF vurderer å innvilge søknaden om driftskonsesjon med følgende vilkår:

Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.

DMF kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagt å stille økonomisk sikkerheit med NOK 470 000, som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.

Den økonomiske sikkerheita skal stillast i form av ein bankgaranti for eit grunnbeløp på NOK 150 000, og deretter årlege avsetjingar til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis, begge deler som skildra i punkt 5.11.

Innan 2 månader etter datoen på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF,
- (ii) lagt fram påkravsgaranti frå bank som DMF vurderer som tilfredsstillande;
- (iii) etablert pantet til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6.

Punkt 5.11 Økonomisk sikkerheit vurderast gjeven med følgjande innhald:



5.11 Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

I og med at området skal tilbakeførast til jordbruksføremål har tiltakshavaren lagt til grunn erfaringstall basert på tidlegare arbeid med tilbakeføring av areal. Søkjaren har i sine utrekningar teke høgde for kostnader knytt til planering til dyrka mark, harping av matjord, skråning og intern veg. I tillegg er det teke omsyn til arbeidd med gravemaskin, dumper, og hjullastar. Tiltakshavar har foreslått at det skal stillast sikkerheit i form av ein bankgaranti på NOK 200 000,- og at sikkerheita må sjåast i samband med tidlegare søknad på Øvre Valheim. Forslaget går primært ut på at det ikkje skal stillast krav om ytterlegare økonomisk sikkerheit utover dette. Dei meiner det er tilstrekkelig med ei innbetaling på NOK 100 000,- i året til ein sperra og pansatt konto. I tillegg forslår dei at vilkåret om vidare innbetaling fell bort etter 9 år eller tidlegare dersom tiltakshavaren kan dokumentere at deler av området er tilbakeført.

I etterkant av varsel om tildeling av driftskonsesjon datert 11. juli 2018 har tiltakshavaren kome med innspel til varselet, særleg punkt 5.11 Økonomisk sikkerheit. Innspela har ført til at DMF har gjennomført ei ny vurdering av dei konkrete forholda og vurdert økonomisk sikkerheit på nytt.

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering var Tiltakshavaren sitt opphavlege framlegg til kor stor sikkerheita skulle vere, ikkje tilfredsstillande.

På bakgrunn av informasjon som kom frem i tilbakemelding på varsel om vedtak av 11. juli 2018, har DMF foretatt ei ny vurdering av økonomisk sikkerheit for masseuttaket Øvre Valheim aust. Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere, tilfredsstillande for å sikre at naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. Nærare om føresetnadene for økonomisk sikkerheit følger av punkt 5.11.2.

Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt. Ved vurderinga skal det leggjast vekt på kompleksiteten i uttaket, kva for type massar det er snakk om, potensiell forureiningsfare, underjord- eller dagbrotsdrift, uttaket si plassering, lokale tilhøve m.v. Sikkerheita må vere slik at den ved konkurs hos tiltakshavaren ikkje vil inngå som ein del av konkursboet. I og med at DMF tek utgangspunkt i ein konkurssituasjon hos tiltakshavaren, kan vi ikkje ta høgde for eventuelle inntekt er tiltakshavaren meiner å måtte ha i samband med istandsetting av området.

I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på: kor komplekst uttaket er, massetype, potensiell forureiningsfare, underjords- eller dagbrotsdrift, plassering og lokale tilhøve. DMF har òg lagt vekt på sine egne erfaringstal for tilsvarande uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.



Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved bankgaranti og individuell fondsavsetjing til ein bankkonto som det er i eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Bankgaranti – oppstartsfase

DMF vurderer det som naudsynt at Tiltakshavaren, innan 2 månader etter datoen då konsesjonsvedtaket blei gjort, stiller ein bankgaranti som DMF vurderer som tilfredsstillande som påkravsgaranti for eit beløp på NOK 150 000. Dette er naudsynt for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Storleiken på bankgarantien er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

DMF kan fremje krav i høve til bankgarantien i desse tilfella:

- (i) Etter utløpet av Tiltakshavaren sin frist for å utføre naudsynte sikrings- og oppryddingstiltak som DMF godtek;
- (ii) Ved konkurs, opphøyr eller anna avvikling av Tiltakshavaren si verksemd; og
- (iii) Dersom konsesjonen blir trekt attende.

Ved melding til garantisten om at eitt av tilfella nemnde i punkt (i)–(iii) over har oppstått, skal DMF ha rett til å få utbetalt det kravet som blir gjort gjeldande etter bankgarantien, utan omsyn til motsegner frå Tiltakshavaren. Bankgarantien skal stå ved lag så lenge beløpet som står på bankkontoen ikkje har nådd NOK 150 000. Når beløpet på bankkontoen har nådd NOK 150 000, eller tidlegare etter skriftleg samtykkje frå DMF, fell plikta til bankgaranti bort.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 470 000 er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 0,22 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 8 år, det vil seie om lag NOK 58 750 per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på om lag 270 000 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 0,22 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.

5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivas kontoen.

I tillegg finn DMF det naudsynt at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i



driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphald.

DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skild ra over, og finn det difor naudsynt å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-2 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphald sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

Andre vilkår

- Det skal ikkje skje uttak av grus/masse i området kor sandsvalane hekkar i perioden frå mai til og med juli månad. Det skal arbeidast for å bevare hekkeplass for sandsvale i konsesjonsområdet under drift, samt leggast til rette for hekkeplass etter avslutta drift. Det bør ikkje skje inngrep, medrekna avslutningsarbeid, i områda kor det hekkar sandsvale. Bratte skrentar må like fullt sikrast i tråd med minerallova § 49, slik at arbeida ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. I samband med istandsetting av uttaksområdet skal det leggast til rette for hekkeplass for sandsvale dersom hekkeplassen blir fjerna etter hekkesesongen av drifts- eller sikkerheitsomsyn.
- Den regulerte føremålsgrensa for massetaket skal setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.
- Utslepp av sigevatn/overvatn til vassdraget må ha god økologisk tilstand i samsvar med rettleiar for *Klassifisering av miljøtilstand i vatn* (rettleiar 02:2013). Utslepp av sigevatn/overvatn frå anleggsområdet til Årdalsvassdraget skal overvakast med omsyn til vasskvalitet.
- Anleggsdrifta skal ikkje gjere ringare habitatforholda for fisk og andre ferskvatnorganismar i elva (dersom tiltakshavaren ikkje oppfyller dette kravet må det søkjast om løyve etter forureiningslova).
- Verksemda må ha ei oppdatert risikoanalyse og setje i verk naudsynte førebyggjande tiltak med omsyn til ytre miljø som samtidig tek høgde for auka frekvens av dagar med ekstremnedbør som følgje av forventa klimaendring.
- Tiltak mot nedslamming av elva skal også omfatte avslutningsfasen av masseuttaket (det er tiltakshavarens eige ansvar å syte for at førebyggjande tiltak er riktig dimensjonert og tilstrekkeleg vedlikehalde under drift).

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgjeving.

Kommentarar til vilkår i varsel om vedtak av 11.juli 2018:

I tilbakemelding på varsel om vedtak datert 13. juli 2018 hadde tiltakshavar følgjande kommentar til vilkår om sandsvalar:



«Direktoratet ber videre om at det skal tas inn i driftsplanen at det ikke skal foregå masseuttak i områder der sandsvaler hekker frå mai til og med juli måned.

Etter vår vurdering er denne arealkonflikten mellom masseuttak og fugleliv allereie avklart i reguleringsplanen i og med at arealet er regulert til massetak.

Når det er sagt så tar Norstone alltid hensyn til sandsvaler i vår uttaksvirksomhet. Dersom sandsvaler hekker i våre forekomster søker vi så langt det er mulig å unngå å ta ut masse i berørte områder. Dette er noe vi gjør uavhengig av om vi har plikt til å ta slik hensyn eller ikke. Dette har vist seg ikke å være et stort problem for Norstone, fordi det så langt har vært tilstrekkelige ressurser i områder der sandsvalene ikke hekker. Men hvis en situasjon skulle oppstå der valget står mellom å permittere våre ansatte fra mai til juli eller drive fortsatt virksomhet så skånsomt som mulig, ønsker vi ikke et absolutt forbud mot å gå inn i områder der noen få sandsvaler hekker.

Dette har også tidligere vært et tema ved tildeling av driftskonsesjoner mellom Direktoratet og Norstone.

Ved tildelingen av driftskonsesjon for Tveit ga Direktoratet vilkåret følgende ordlyd:

«2.4.2 Sandsvalar

Uttaket på Tveit skal så langt det er mogleg, innafor økonomiske og driftsmessige rammer, ta omsyn til hekkande sandsvaler i uttaksområda.»

Dette er en ordlyd som etter vår mening langt bedre balanserer mellom hensynet til ivaretagelse av biologisk mangfold og en økonomisk forsvarlig drift. Vi understreker at Norstone er avhengig av offentlige pålegg og alltid tar hensyn til sandsvaler så langt vi kan».

DMF sine kommentarar:

Naturmangfaldlova er ein sektorovargripande lov. Det betyr at alle sektorar som har eit forvaltningsansvar for naturen eller fattar vedtak som får konsekvensar for naturen, må teke omsyn til lova. DMF viser til at formålet med minerallova er å «fremme og sikre samfunnsmessig forsvarlig forvaltning og bruk av mineralressursene i samsvar med prinsippet om bærekraftig utvikling» jf. minerallova § 1. I tillegg skal det takast omsyn til dei miljømessige konsekvensane ved utvinning jf. minerallova § 2 bokstav d). Uttak av mineralske ressursar vil ha ei direkte følgje for naturen og naturmangfaldet, særleg for sandsvalene som hekkar nettopp der kor uttak av sand føregår. Det kan dermed ikkje vere tvil om at tildeling av driftskonsesjon vil få konsekvensar for naturen.

Når Norstone argumenterar med at arealbruken i området allereie er avklart gjennom plan- og bygningslova, betyr det likevel ikkje at naturmangfaldlova kan setjast til sides. I tillegg er reguleringsplana på området av eldre dato (20. september 2006), noko som også talar for at omsyn til naturmangfaldet og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 bør vere ein del av vilkåra for drifta på Øvre Valheim aust.

Vidare argumenterar tiltakshavaren for at dei i alle tilfelle tek omsyn til sandsvalar i sin uttaksverksemd, uavhengig av plikt eller ikkje. Slik DMF ser det vil vilkåret om å ta omsyn til sandsvalane i så måte ikkje vere nemneverdig inngripande, all den tid



Norstone driv si verksemd så omsynsfullt som mogleg med tanke på sandsvalene og deira hekkestader.

DMF viser i forlenginga av dette til Fylkesmannen i Rogaland sitt høyringsinnspel av 26. februar 2018 der dei eksplisitt ber om at DMF pålegg «verksemnda så langt råd er å unngå uttak av masse i umiddelbar nærleik av reirhol nytta i hekketida».

På bakgrunn av det ovannemnde vil DMF difor halde fast på opphavleg vilkår knytt til sandsvalar jf. vedtaket sitt punkt 2.4.

Tilbakemelding på varsel om vedtak

Dersom de har kommentarar til våre vurderingar ber vi om attendemelding på dette **innan 10. september 2018**. Dersom vi ikkje har motteke kommentarar innan fristen, blir søknaden avgjort på det grunnlag som føreligg.

Retten til å sjå dokumenta i saka

Partane i saka har rett til å gjøre seg kjend med saksdokumenta, etter forvaltningslova §§ 18 og 19.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

Maria Lauritzen
seksjonsleiar

Stine Borge Nordskog
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Stine Borge Nordskog

Vedlegg:

Utkast_Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse_Øvre Valheim a ust.docx

Utkast_Pantsettelseserklæring for enkle pengekrav_Øvre Valheim a ust.docx

Utkast_Påkravgaranti_Øvre Valheim aust.docx

Økonomisk sikkerhetsstillelse_Øvre Valheim aust.pdf

Mottakarar:

NorStone AS

c/o Bård Dagestad,
Stokkanhaugen 6

7048 TRONDHEIM

Kopi til: